



JM LANGAAS DRIFT AS

8384 Sund i Lofoten

Sakshandsamar:

Torunn Slettemark Hovden

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved LANGAAS JM Drift AS

Kontrollnummer: 2020.018.I.FMNO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Johan-Martin Langaas Berntzen

Frå Fylkesmannen i Nordland:

Torunn Slettemark Hovden

Andre deltakarar frå Fylkesmannen i Nordland:

Sten Bruaas

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved LANGAAS JM Drift AS den 11.03.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Nordland avdekka 6 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har ikkje installert reinseanlegg og utsleppsrør i samsvar med krava i forureiningsforskrifta kapittel 26
- Verksemda manglar dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall
- Verksemda har mangelfull handtering av farleg avfall. Lagring, merking og dokumentasjon på levering oppfyller ikkje krava
- Verksemda har ikkje ein skriftleg risikovurdering av hendingar som kan påverke ytre miljø
- Verksemda registrerer ikkje avvik som har med ytre miljø å gjere
- Verksemda har ikkje ein avfallsplan for kaia

Avvik er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

31. mars 2020	Torunn Slettemark Hovden	Oddlaug Ellen Knutsen
dato	kontrollør	seksjonsleiar

Fylkesmannen i Nordland

Kopi av rapporten blir send til:

- Flakstad kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: JM LANGAAS DRIFT AS	
Organisasjonsnr.: 971725419	Eigd av: 948409755
Bransjenr. (NACE-kode): 10.201 - Produksjon av saltfisk, tørrfisk og klippfisk	

Kontrollert eining

Namn: LANGAAS JM Drift AS	Anleggsnr.: 1859.0012.01
Kommune: Flakstad	Fylke: Nordland
Anleggsaktivitet: Fiskeforedling	
Løyve gitt:	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldende krav fastsatt i eller i medhold av forureiningslova blir følgt. Inspeksjonen er en del av Fylkesmannens risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Avfallsplan for kaia

Rapporten gjeld avvik og merknadar som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

JM Langaas Drift AS pliktar å rette opp avvika som er skildra i denne rapporten snarast. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må JM Langaas Fisk AS innan 15. juni 2020 sende ei skriftleg utgreiing som syner korleis avvik er retta opp i. Dersom dokker har gode grunnar til at krava om reinseanlegg og utsleppsørør ikkje kan bli oppfylt, må dokker innan den same fristen søke om unntak frå krava i forureiningsforskrifta § 26-3 (reinsing av prosessavløpsvatn) og/eller § 26-4 (krav til utsleppsørør). Vi har lagt ved eit notat med informasjon og rettleiing til fiskeforedlingsbedriftar som vurderer å søke unntak frå desse krava.

Vi ber dokker om å sende svarbrevet til Fylkesmannen i Nordland, fmnopost@fylkesmannen.no, med kopi til tshov@fylkesmannen.no.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel og informasjon om gebyrplikt som vart gjeven til verksemda den 21. februar 2020. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar som er utført av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsett i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk blir LANGAAS JM Drift AS ilagt eit gebyr på kr 13 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette tilsvarar gebyrsats 4 for tilsyn på inntil éin dag. Verksemda kjem til å få ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Vi viser elles til kapittel 39 i forureiningsforskrifta for meir informasjon om innkreving av gebyr til statskassa.

Klageadgang

Dokker har rett til å klage på vedtaket om gebyr, jf. § 28 i forvaltningslova. Ei eventuell klage må vere grunngjeven og skal stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Nordland. Vi vil då vurdere om vedtaket skal endrast, eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for eit endeleg vedtak. Ei eventuell klage gjer ikkje at vedtaket om gebyr blir utsett, så dokker må uansett betale fakturaen. Dersom Miljødirektoratet tek klaga til følgje, vil delar av gebyret bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten kjem til å vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Nordland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda har ikkje installert reinseanlegg og utsleppsrør i samsvar med krava i forureiningsforskrifta kapittel 26.

Avvik frå:

Forureiningsforskrifta kapittel 26, §§ 26-3 og 26-4.

Kommentar:

Med prosessavløpsvatn meiner ein spylevatn, reingjeringsvatn, transportvatn, blodvatn, slaktevatn eller vatn som har vore i direkte kontakt med råstoff, produkt eller avfall, eller som er tilført forureinande komponentar frå andre kjelder.

Dokker reinsar ikkje prosessavløpsvatnet før det hamnar i havet. Ifølge forureiningsforskrifta § 26 skal store verksemdar (forbruk ≥ 1000 t råstoff/år) ha reinseanlegg med ein effektivitet tilsvarande sil med spalteopning ≤ 1 mm, og utslippspunktet skal liggje minst 10 meter under havoverflata ved lågaste fjøre. Dokker oppfyller ikkje desse krava så lenge dokker har utsleppspunkt rett ved/under kaia og ingen reinsing.



Figur 1 To av utsleppsrøyra frå JM Langaas Drift AS.

Avvik 2

Verksemda manglar dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5, andre ledd punkt 7

Kommentar:

Verksemda har ikkje skrivne rutinar for handtering av farleg avfall. Slike rutinar skal bidra til at farleg avfall oppbevarast og leverast på ein forsvarleg og lovleg måte, med t.d. rett merking, lagring i fråskilde behaldarar, deklarerering ved levering, samt levering minst éin gong i året.

Etter internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 7, skal verksemda «iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets-lovgivningen». I dette tilfellet gjeld det rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krava i avfallsforskrifta (sjå også avvik 3). Verksemda må lage skriftlege rutinar for handtering av farleg avfall .

Avvik 3

Verksemda har mangelfull handtering av farleg avfall. Lagring, merking og dokumentasjon på levering oppfyller ikkje krava.

Avvik frå:

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 11-5 og 11-12

Kommentar:

Ved restavfallskonteinaren stod det ein IBC-konteinar med spillolje. Denne var ikkje merka med innhald, og stod rett på bakken (ikkje fast dekke). Farleg avfall skal, ifølge avfallsforskrifta § 11-5, takast hand om på ein forsvarleg måte, og alle som oppbevarer eller handterer farleg avfall skal treffe tiltak som er naudsynte for å unngå fare for forureining. Det er ikkje gjort nokon tiltak som hindrar at spillolje renn ut på marka dersom det går hol på IBC-konteinaren. Forsvarleg oppbevaring inneber mellom anna at det står på eit fast dekke, at det er moglegheit for oppsamling og at avfallet er tydeleg merka med innhald.

Verksemda kunne ikkje vise dokumentasjon på at farleg avfall var deklarerert ved levering til avfallsselskap, og opplyste under intervjuet at dei ikkje deklarerer avfall ved levering. Etter avfallsforskrifta § 11-12 skal farleg avfall deklarerast ved levering. Dette gjer ein på avfallsdeklarering.no. Om ein ikkje vil gjere dette sjølv, kan ein gi eit avfallsselskap fullmakt til å deklare for seg, men det er likevel avfallsprodusenten (verksemda) sitt ansvar at det skjer på rett vis, og verksemda skal kunne legge fram dokumentasjon på det. I praksis tyder det at dokker skal kunne logge inn i avfallsdeklarering.no og vise at avfallet er deklarerert og levert på forsvarleg vis. Farleg avfall skal etter § 11-8 i avfallsforskrifta leverast minst kvart år dersom det er meir enn 1 kg av det.



Figur 2 Ein IBC-konteinar med spillolje på JM Langaas Drift AS

Avvik 4

Verksemda har ikkje ein skriftleg risikovurdering av hendingar som kan påverke ytre miljø

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5, andre ledd punkt 6

Kommentar:

Verksemda har ikkje ein skriftleg risikovurdering for hendingar som kan påverke det ytre miljøet. Mangelen på risikovurdering er eit brot på internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 6: Verksemda skal «kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene». På dette punktet er det krav om skriftleg dokumentasjon.

Avvik 6

Verksemda registrerer ikkje avvik som har med ytre miljø å gjere.

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5, andre ledd punkt 7

Kommentar:

Det kom fram under tilsynet at verksemda mellom anna har hatt brot på ein hydraulikkslange, men dette er ikkje registrert nokon plass. Etter internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 7, skal verksemda mellom anna iverksette rutinar for å rette opp brot på krav fastsett i eller med heimel i miljølovgivinga. Dette inneber mellom anna at dokker må ha ein rutine for å registrere avvik som går ut over det ytre miljøet. Slike avvik må registrerast og følgast opp, og ein skal vurdere om det trengst tiltak for å redusere faren for at det hender igjen.

Avvik 7

Verksemda har ikkje ein avfallsplan for kaia.

Avvik frå:

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) § 20-6.

Kommentar:

Under intervjuet kom det fram at dokker tek imot noko avfall frå båtane som legg til ved kaia dokkar. Etter avfallsforskrifta § 20-5 har dokker plikt til å etablere mottaksordningar for avfall, som svarar til behovet som båtførarar har når dei legg til kai. I tillegg har dokker ei plikt, etter § 20-6, til å lage ein skriftleg avfallsplan for mottak og handtering av avfallet som dokker tek imot frå båtar. Krava til innhald i denne planen er lista opp i vedlegg 1 i forureiningsforskrifta kapittel 20. Planen skal sendast inn til Fylkesmannen for godkjenning, og må sendast inn til godkjenning på nytt kvart tredje år. Dette er for å sikre at avfallsplanen alltid speglar dei faktiske forholda rundt leveringsbehov og mottakstilbod.

På heimesida til klima- og miljøavdelinga til Fylkesmannen kan dokker lese meir om avfallsplan i hamn: <https://www.fylkesmannen.no/nb/Nordland/Miljo-og-klima/Forurensning/Nye-oppgaver-for-kystkommuner-havneansvarlige-og-Fylkesmannen/>.

Merk at det i vedlegg 1 i forureiningsforskrifta kapittel 20 òg er ei liste over kva slags informasjon som må vere tilgjengeleg for dei som legg til ved kaia.

7. Merknader

Vi har ingen merknader.

8. Andre forhold

Det står ein dieseltank på eigedomen til JM Langaas. Tanken tilhøyrer K. Paulsen, og det er K. Paulsen sitt ansvar å følgje miljøkrava for denne. Dokker kan likevel vere merksame på at tanken ikkje tilfredsstillar krava til forsvarleg tanklagring, sidan han ikkje står på fast dekke, og tilsynelatande ikkje har tilgjengelege absorbentar i tilfelle søl.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjende forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)